

Førde, 23.04.2010

Riss Landskap as
Dreggsalmenningen 36
Postboks 3900
5835 BERGEN

Høyringsfråsegn: Melding om igangsetting av privat planarbeid for Skiferfelt Sletterust.

Vi viser til Meldinga i brev av 04.03.2010, og til kartet som følgde Meldinga.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 56 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 4.712.

Friluftsliv i det aktuelle området:

Det planlagde skiferbrotet ligg midt inne i eit svært viktig friluftsområde, slik at plasseringa er uvanleg konfliktfylt! Ei T-merka turrute går tvers gjennom den austlege delen av planområdet. Dette er den eine av berre to hovudruter mellom Skarvheimen og Hardangervidda i sør, og Jotunheimen og Breheimen i nord, og det er den einaste hovudruta som går til den vestlege delen av Jotunheimen. **Dette er såleis ei turrute som er så viktig at den har nasjonal og internasjonal verdi!** Den næraste DNT-hytta mot sør(aust) er Slettingsbu, den næraste turisthytta mot nord er den privateigde Ingjerdbu, og lenger nord kjem ein til den kjende DNT-hytta Skogadalsbøen. For dokumentasjon av kvar den T-merka turruta går, viser vi til Turkart Årdal, 1:50.000.

Vi gjer merksam på at i tillegg til den T-merka turruta som går gjennom steinbrotet, går det også ei rute, som ikkje er T-merka, langs austsida av Mannsbergelva. Denne ruta ligg ikkje inne i det planlagde steinbrotet, men er høgst sannsynleg inne i fareområdet i samband med sprenging i den austlege delen av steinbrotet.

I tillegg til DNT/Turlagsbruken av området til friluftsliv, er det også ein omfattande lokal bruk, mellom anna i tilknytning til dei mange hyttene i området. Denne bruken omfattar både fotturar, skiturar (den mest brukte skiturruta går gjennom det planlagde steinbrotet), og bærplukking.

Heile det planlagde steinbrotet ligg ifølgje www.fylkesatlas.no inne i eit Regionalt viktig friluftsområde ifølgje Fylkesdelplanen for arealbruk.

Ruta Sletterust – Mannsbergvatnet – Hjelledalen er omtala på side 80 – 82 i den svært populære turboka ”OPPTUR 267 fotturar i Sogn og Fjordane” av Anne Rudsengen. Omtalen gir auka bruk!

Øydelegging av så viktige turruter som dei som ligg inne i det planlagde steinbrotet, er fullstendig uakseptabelt. Den T-merka ruta har eksistert i svært mange år. Vi veit ikkje kor mange, men det er truleg meir enn 50! **I samband med utarbeiding av framlegget til reguleringsplan, må dei eksisterande turrutene kartfestast på reguleringskartet, og det må gjerast greie for kva alternative turruter tiltakshavaren påtek seg å tilrettelegge som erstatning for dei som vert øydelagde.** Det



må vere eit absolutt krav at den alternative turruta vert lagd på 100% trygg avstand i forhold til sprenging i steinbrotet, samstundes som den må tilpassast den eksisterande turruta både mot sør og nord. Det er DNT Oslo og omegn som har ansvaret for den aktuelle turruta.

Ulovleg og uforsvarleg drift av steinbrotet?:

Det har i 2009 vore omfattande drift i steinbrotet med sprenging ein eller fleire gonger pr. dag, og med ganske omfattande transport av stein ut av brotet. Informasjon vi har fått, tyder på at denne omfattande drifta har vorte gjennomført utan noko som helst løyve frå dei aktuelle ansvarlege styresmaktene. Tvert imot står det uttrykkeleg i den gjeldande Kommunedelplanen for Tyedalen at: **”Større drift kan ikkje setjast i gang før det ligg føre godkjend reguleringsplan”**.

Den drifta som var i 2009 var heilt tvillaust ”større drift”, og det eksisterer ingen godkjend reguleringsplan! Noko som gjer ei eventuell ulovleg drift av steinbrotet ekstra alvorleg, er at heile brotet ifølgje Naturdatabasen ligg inne i ein naturtype med verdi Viktig. Sjå nedanståande kopi frå basen (Kilde: [Direktoratet for naturforvaltning](#)):



Naturbase dokumentasjon Biologisk mangfold

Direktoratet for **naturforvaltning**

BN00017627, Torolmen

Kommune	Årdal
Områdebeskrivelse	Fjellområde med fylitt i berggrunnen. Under synfaring 15.08.2002 av SKR og SWB vart det funne ein del kalkkrevjande artar. Det vart berre teke stikkprøvar, men floraen synte at det er kalkrik grunn i området og det er sannsynleg at her kan finnast meir krevjande samfunn enn dei som vart undersøkte. Den kalkkrevjande vierarten myrtevier er tidlegare funne i nord-vestre del av lokaliteten, sør for Vetleknipen. Likeeins er hengjefrytle er registret i sør-austre del av lokaliteten. Området er grovt avgrensa og fylgjer førekomsten av fylitt. Lokaliteten ligg i eit populært hytteområde. Det bør utførast detaljerte undersøkingar av flora og insektsfauna under planlegging av eventuelle nye hyttefelt, slik at ein kan spare dei rikaste areala.

Naturtyper


Naturtype	Kalkrike områder i fjellet
Utforming	
Verdi	Viktig
Stedkvalitet	
Dato registrert	15.08.2002

Andre opplysninger

Totalareal	20513 daa
------------	-----------



Kartutsnitt



Viss tiltakshavaren meiner at vi er feilinformerte når vi refererer opplysningar vi har fått om at drifta i 2009 var ulovleg, går vi ut frå at tiltakshavaren kan legge fram skriftleg dokumentasjon på at dei har alle turvande løyve. (Men i så fall: Kvifor skal det då lagast reguleringsplan, viss alle aktuelle løyve finst?)

Noko som vi for vår del ser enda meir alvorleg på enn (eventuell) ulovleg drift, er opplysningar som vi har fått som – **viss opplysningane vi har fått er rette – kan indikere så grovt uforsvarleg drift av steinbrotet at menneskeliv kan ha blitt sette i fare!** Informasjonen vi har fått er følgjande:

Ved den T-merka fotturruta frå nord, var det ikkje vore noko som helst skilting eller anna form for varsling/åtvaring om at turgåarane no var på veg inn i eit steinbrot som var i aktiv drift. I samband med sprenging var det heller ikkje vakthald for å åtvarsje fotturistar som kom frå nord. (For folk som kom frå sør, var vakthaldet på plass, og fullt tilfredsstillande, har vi fått opplyst.) Vi har vidare fått opplysningar om at det hadde vore minst to tilfelle av ”nestenulukker”, der inkjeand folk som kom frå nord, hadde vore på veg mot steinbrotet under sprenging. I det eine tilfellet hadde dei som kom, høyrte sirena som varsla sprenging, utan å heilt å forstå kva dette dreia seg om. (Kven ventar å kome inn i eit steinbrot i drift når dei går på ei T-merka turrute i fjellet???) I det andre tilfellet hadde dei som kom ikkje høyrte sirena ein gong, av ein eller annan grunn (”lydskugge”). I begge tilfella skjedde sprengingane eit relativt kort stykke framfor dei som kom gåande, men heldigvis langt nok unna til at dei ikkje var i direkte fare, etter den informasjonen vi har fått om episodane. Det heile gjekk altså bra i begge dei tilfella vi har fått informasjon om, men det kan ha vore tilfeldig.

Dessverre kan vi ikkje dokumentere dei 2 episodane vi referer til, og vi har heller ikkje fått datoar, men vi har fått opplysningane frå to ulike hald som vi begge vurderer som pålitelege, så vi har rimeleg god grunn til å stole på dei. Vi går ut frå at ein eller fleire av dei som har arbeidd i steinbrotet har kjennskap til begge dei aktuelle episodane, og kanskje fleire episodar også.

Uansett kor mykje eller lite alvorlege dei aktuelle episodane har vore: **I samband med utarbeidinga av reguleringsplanen må det også gjerast grundig greie for kva for tryggingstiltak av alle slag som vert sette i verk for å hindre at fotturistar og alle andre som ferdast i området, ikkje skal bli sette i fare. Dette gjeld spesielt i samband med sprenging, men også i samband med anna drift av steinbrotet, inklusive transport!** Born er naturleg nyskjerrige, og med eit stort hyttefelt med mange born like i nærleiken, vil dei vere spesielt utsette!

I Meldinga om igangsetting av planarbeidet, står det mellom anna følgjande:

”Med bakgrunn i oppstart av planarbeidet vil Sogneskifer AS søke om løyve til drift av brotet i inneverande sesong.”

Vi varslar at vi vil sterkt motsette oss dette! Å halde fram ei drift som har vore ulovleg i minst eit år, er fullstendig uakseptabelt! Vi ber om at all drift i steinbrotet vert stoppa inntil det – eventuelt – ligg føre ein godkjend, rettskraftig reguleringsplan. I tillegg skal det vel også ligge føre godkjenning frå Direktoratet for mineralforvaltning, om vi ikkje tek feil.

Krav om full konsekvensutgreiing:

Det aktuelle steinbrotet er så omfattande og så kontroversielt, at vi meiner at det her må gjennomførast ei **fullstendig konsekvensutgreiing i samsvar med den nye Plan- og bygningslova**, jf også den nye Biomangfaldlova. Aktuelle tema å konsekvensutgreie er mellom anna:

- Verknadar for alle aktuelle typar friluftsliv, inklusive framlegg til avbøtande tiltak.
- Konsekvensane for hyttene/hytteegarane i området.
- Ettersom dette i dag er eit attraktivt og høgt prioritert hyttefelt der all nybygging truleg vil stoppe opp viss ein reguleringsplan med omfattande steinbrottdrift vert godkjent: Kva alternative, like attraktive hyttefelt er tilgjengelege i Årdal kommune?
- Verknadane for landskapet.
- Verknadane for biologisk mangfald.
- Støyvurdering med tilhøyrande kart over støysoner etc, og dokumentasjon av kva hytter, turruter m.m. som vert utsette for støy over, og nær oppunder, grenseverdiane.
- Vurdering av konsekvensane av ureining. Dette gjeld ureining både frå sprenging, større eller mindre oljeutslepp, støv, ureining frå biltrafikken til/frå steinbrotet, etc.
- Kartlegging av, vurdering av verknadane for, og framlegg til avbøtande tiltak for alle drikkevasskjelder som kan verte påverka.
- Vurdering av verknadane for biologisk mangfald. Ettersom steinbrotet ligg inne i eit **Viktig** område i Naturdatabasen, er potensialet for interessant biologisk mangfald, inklusive raudlistearter, truleg ganske stort, slik at kartlegginga må gjerast grundig, av dyktige fagfolk.
- Verknader for dyrelivet, inklusive villrein.
- Kartlegging av eventuelle konfliktar med det konsesjonssøkte Mannsberg kraftverk. (Hydro.)
- Vurdering av sumverknadar av både Mannsberg kraftverk og det planlagde steinbrotet.
- Vurdering av dei samla økonomiske konsekvensane på ulike område.

Lista over tema som bør konsekvensutgreiast, er neppe utfyllande.

Turlaget sitt syn på det melde steinbrotet:

Sogn og Fjordane Turlag sitt syn er at reguleringsplanarbeidet alt no bør skrinleggast for godt og at drifta i steinbrotet bør stoppast! Subsidiært at drifta vert redusert ned til det svært låge nivået den hadde for få år sidan. Dei negative konsekvensane av steinbrotet blir etter vårt syn altfor store på ei rekkje ulike område, både for dei reint ålmenne interessene, for hytteegarane, for biologisk mangfald, og på andre område, til at etableringa av eit slikt stort steinbrot vil vere forsvarleg!

Kommentar: I kraftutbyggingssaker gir ein ikkje konsesjon utan at fordelane vert vurdert til å vere større enn ulempene. Skal ein gjere ei tilsvarande vurdering her, så vil ei så omfattande drift av steinbrotet som det her vert lagt opp til, føre til mellom anna slike reint økonomiske tap:

- Hyttene i området vil falle **sterkt** i verdi, særleg gjeld det hyttene nærast steinbrotet.
- Grunneigarane i området vil tape inntekter som følgje av at salet av hyttetomtar truleg vil "bråstoppe". Vi har for lite detaljkunnskap om kvar det er planlagt nye hyttetomter, og dermed kor store tapa vil bli. Kartlegging av dette bør vere ein del av konsekvensutgreiinga!
- Stopp i salet av hyttetomter vil føre til at dei som leverer og bygger hytter taper inntekter.

Til saman vil desse reint økonomiske tapa bli store, truleg eit tosfra tal millionar! (Og kven skal bære tapa? Hytteeigarane? Eller blir tapa erstatta, og i så fall av kven? Kommunen, viss reguleringsplanen vert godkjend? Eller grunneigaren som gir løyve? Eller selskapet som skal drive steinbrotet?)

I tillegg til dette kjem dei ikkje-økonomiske tapa. Dei er vanskelege å talfeste i kroner og øre, men dei blir og store, det er det ingen tvil om. Nokre døme på ikkje-økonomisk tap:

- For dei ålmenne interessene, som friluftsliv, blir ulempene – "tapa" – store. Det er det ingen tvil om, så viktig som dette området er for friluftslivet både lokalt og nasjonalt/internasjonalt.
- For det sannsynlege tapet av viktig biologisk mangfald blir og konsekvensane negative. Kor sterkt negative kan berre ei grundig konsekvensutgreiing utført av dyktige fagfolk, vise.
- Når ein oppheld seg på hytta, og når ein går tur med hytta som base, vil ein gjerne ha fred og ro, ikkje bråk frå sprenging og anleggsarbeid, og redsel for at leikande born kan bli skada, i kanskje fleire tiår framover. Dette er viktig for alle! Ei skikkeleg konsekvensutgreiing for støy vil kunne vise kor mange som vert utsette for slike plager i samband med steinbrotet. Og det blir ikkje så få reknar vi med! Det er og verd å merke seg at dei offisielle grenseverdiane for støy er sette slik at 75% av dei som blir utsette for støyen, ikkje vert plaga av den. Men det betyr at **25% av folk vert plaga av støyen sjølv om den er under grenseverdien!** (Dette har vi fått opplyst frå ein tilsett i eit profesjonelt støykartleggingsfirma.) Støy går å konsekvensutgreie, men korleis kan ein konsekvensutgreie kor store sjansane er for at leikande born og andre kan bli skada som følgje av drifta av, og trafikken til/frå, steinbrotet???
- Sett frå hytta, er også utsikten viktig. Dei som har hytte på sørsida av dalen, vil bli mykje mindre plaga av støy frå steinbrotet enn dei som har hytta på nordsida. Men dei på sørsida vil til gjengjeld i mykje større grad få det stendig aukande steinbrotet og anleggsarbeidet der midt i utsikten sin. Korleis skal desse ulempene verdsettast?

Konklusjon: Vi er ikkje i tvil om at ulempene frå steinbrotet etter ei totalvurdering vil vere mykje større enn fordelane, og at reguleringsplanen derfor bør avvisast alt før det vert "kasta bort pengar" på dyre konsekvensutgreiingar!

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)
leiar

